

## Nordre Berg – ”Vehlberje” - Lilleberge (gnr. 37)

*Namnet viser også her tilbake til den store gamle opphavsgarden Berg, dat. Berge, ”Berje, - I skrivne kjelder finn ein namnet nemnd i diplommet av 1442. Garden ”Nødra Berg” i Fåberg var da blant det jordgodset som biskop Olav tok ut som sin arvelott. I 1577 var garden vorte kyrkjegods under Hamar-bispen, og namnet er da skrivne Lilleberrig. Ved reformasjonen gjekk så garden over til å bli krongods, som vart bortbygsla for å kunne gi staten inntekter.*

Om garden er det elles alt i 1557 opplyst at landskylda av ”Nordberg” var 1 hud 2 pd. Fisk. I 1604 er gardnamnet skrivne ”Lilleberg”, og bygselbonden der heitte Bjørn Jensen. Fire år seinare finn ein brukaren kalla Bjørn Lilleberg. Han betalde da ein halv dalar i halding av gardbygsla si. I ei skatteliste av 1610 er Bjørn Lilleberg rekna i gruppa for Ødegaardsmend”. Ti år seinare går det tydeleg fram at den årlege landskylda av garden var 1 hud 18 merker fisk. Det var altså kjent at det til Lilleberg låg eit godt og sikkert fiskeri. Bjørn Lilleberg var og brukar i 1627. Han svara da 3 ort i halding av bygsla.

Tretti år seinare var det vorte ny brukar, Erik, på ”Lidenberig”, som gardnamnet er skrivne i lista over Kvegskatten 1657. Husdyrhaldet i ”Vehlberje” var da 2 hopper, 12 naut, 9 geiter og 20 sauer, og garden vart framleis ført i gruppa for ”halfve Gaarde. Frå åtte år seinare er det i Mannkjønnsmanntalet av 1665 opplyst at brukaren egentlig heitte Erik Pedersen og var 46 år.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysninger om gardane. Der er det om ”Lilleberig” fortalt at enga, innmarka, der var god, og at det var skog nok til ”Tømmerfang och gaardes brug”. Buskapen av store husdyr var 2 hester og 14 naut, og garden hadde seter og sommerbeite åt krøtera på Nysetra Korntiende vart utreidd med 1 5/8 td., som altså svara til ei årsavling på 16¼ td., og garden hadde eiga bekkekværn, som det vart svara 8 skl. I kverntoll av. Landskylda var framleis 1 hud 18 mrk. og det er vidare tydeleg fortalt at garden var ”Kongens aleene”, og at ”Erich” framleis var brukar på Lilleberg. – Frå ti år seinare er det opplyst at Lilleberg i den tid var major Reichweins frigard. Etter atter sytten år var det ved tinget på Sørhove den 23. febr. 1695 tinglese ein bygselseddel på ”Lilleberrig i Faaberg” av skyld 1 hud 18 mrk. Fisk til Peder Eriksen, truleg son til den tidlegare husbonden Erik. Etter nye 5 år hadde Lilleberge kontra Peder Fagstad ei sak som etter utskrift av tingboka dat. 7. aug. og 8. sept. 1700 har denne ordlyden:

Faaberg 7. aug. 1700.

Peder Lilleberg stevner Peder Fagstad fordi han skal ha hugget sveland i Citantens hjemnehage sør og op for grd. Lilleberge, samt fordi Peder Fagstad ikke har rettet seig efter dommen mellem de på Peder Lillebergs aker og avgrøde.

Efter vidneavhøring utsattes saken til 8.septb.

Faaberg 8. septb. 1700.

Avsagt: Det er bevist at den nederste rugsve, som Peder Fagstad har hugget og sådd, er hugget på Peder Lillebergs eiendeler. Den øverste rugsve er hugget på Storbergs og Lillebergs felles eiendom. Da Storebergs opsidder ikke har været med å stevne i saken, blir den i dette tilfelde upådomt, men dette års avgrøde tilfalder Peder Lilleberg. Peder Fagstad tilfinnes å oppsette gjerde ifl. Dommen av 1699. Peder Fagstad erstatter citanten omk. med 10 rd.”

Da hadde elles Peder Eriksen alt fått kongeskjøte på Lilleberg og var blitt odelseigande bonde på garden sin. Skjøtet er datert 30. okt. 1697. ti år seinare gjekk det elles slik at Lilleberg vart

seld til Kristen Torstensen Fliflet, men son til Peder, Johannes, kjøpte i 1724 garden heimatt til ætta.

Gamle Peder Eriksen døde i 1720, og det var da skifte i "Lilleberget". Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 41 rd., men gjelda var 70 rd. – Kona til Peder Eriksen er kalla Marit Larsdtr. Lilleberge, og ho og Peder Eriksen, fødd ca. 1619, hadde 5 born. Det var: 1. før nemnde Johannes som i 1720 var 22 år, 2. Lars, som var 19 år, 3. Erik, 15 år, 4. Ingri 21 år 5. Sigrid 11 år. Enak Marit Larsdtr. levde til 1725. Ved skiftet etter henne utgjorde dødsbuet netto 29 rd.

Sonen Johannes Pedersen, f. 1698, som kjøpte Lilleberge i 1724 for 297 rd. Hadde da ingen kapital og lånte 292 rd. Av Ole Olsen Lundgaard, sjølv sagt mot pant i garden. Denne obl. vart elles i 1727 overført til ein ny obl. til Hovel Johansen på sum 338 rd., årlig rente 5 % og 1. pr. pant i garden.

I Johannes Pedersen si brukartid kom i 1723 det nye matrikkelframlegget av 1723 med fleire detaljerte opplysningar om gardane. Der er det om "Lilleberg" fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten der er god, men garden er noko tungbrukt. Det er oppgitt at det var skog nok til brenneved og gjerdefang, at det var setermed "maadelig" hamn og utslåtter til 3 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde 20 lass, og buskapen var da 2 hestar, 11 naut, 4 sauerog 12 geiter. Det er elles opplyst at det var ein husmannsplass med brukande jord til garden.

Johannes Pedersen hadde lilleberge enda i 1739. Han fikk da bygselseddel av foged Pram på bruken av Gropen seterlykkje mot årleg avgift 4 skl. – Ti år seinare var i 1749 kona til Johannes Pedersen, Marthe Larsdtr. f. Sørhove, død, og det var den 29. april s. å. skifte i "Lilleberge". Ved dette skiftet vart garden Lilleberge taksert til 350 rd., og dødsbuet utgjorde brutto 493 rd., men gjelda var like stor. Arvingane ved skiftet var foruten sonen hennar, Peder Johannessen f. 1730, som da var 19½ år, også ein sonen hennar Kristen Hansen, 26 år, som avdøde Marte Larsdtr. hadde med Lars Pedersen Fagstad.

Johannes Lilleberg, f. 1698, var framleis brukar av garden også i 1751. Han gav da bygselseeddel til Erik Halvorsen på "En under hans gaard Lilleberges indhegninger husmandsplads Bjørnerud kaldet" mot årleg husleige i arbeid. Samtidig gav han og bygselseddel til Hans Pedersen på husmannsplassen Klauven også mot årleg husleige til sonen sin Peder Johannesen, f. 1730, på garden Lilleberge av skyld 1 hud 18 mrk. Fisk for kjøpesum 330 rd. + føderåd av garden til faren Johannes Pedersen.

Peder Johannessen, som i 1755 tok over garden, vart i 1758 gift med Eli Kristofersdtr. øvre Dal, og dei fekk mange born. Det var: a Marte, fødd 1760, død 1762, b Johannes, fødd 1763, død 1763, c Johannes, f. 1764, død 1769, d Marte f. 1766, gift med Tomas Nilsen Gjeistad, e Sessel, f. 1769, g. 1788 m. Arne Olsen søre Rustaden – Klauven, f Johannes, f. 1771, g. 1796 m. Marit Amundsdr. S. Tråset, g. Ole, f. 1776, g. 1806 m. enken i n. Grønlien, Kjersti Tomasdr., h. Mari, f. 1778, g. 1800 m. Ole Larsen Land.

Peder Johannessen brukte garden til i 1795. Da gav han skjøte til sonen Johannes f. 1771 på grd. "Lilleberget" av skyld 1 hud 18 mrk. Fisk for sum 800 rd. + føderåd til faren. – Peder Johannesen døde elles same året, og skifte etter han var på "Holmejordet i Faaberg". Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 50 rd. og netto 41 rd. Mannen til dottera Sessel er ved skiftet kalla Arne Olsen Lilleberge.

Frå tre år seinare er ei kontrakt av 1798 mellom Christen Christensen Nordre Lunde, Johannes Lilleberge og Tomas Bjørstad om hamning i "Kedigedahlen" eller Svae-Marchen" og dessuten om "deres seterbolig Gropen".

Johannes Pedersen Lilleberge f. 1771 og gift med Marit Amundsdr. Tråset, hadde berre eitt barn, sonen Peder f. 1797. Ved folketellinga i 1801 var det altså dei som da var husbondsfolk på garden, og det budde da fem familiar på og ved Lilleberge. Det var:

1. familie: 1, Johannes Pedersen, husbonden, 30 år, 2. Marit Amundsdr., kona hans 34 år. 3. Peder Johannessen, son deres, 4 år. 4. Peder Olsen, tenestkar, 21 år, 5. Lars Engebretsen, tenestkar, 17 år, 6. Mari Giermundsdr. Tenestkvinne, 34 år, 7. Anne Kristofersdr., tenestkvinne, 16 år. 8. Eli Kristofersdr., mor til husbonden, 66 år, 9. Ole Pedersen, bror til husbonden, knappmaker, 25 år, 2. familie: 1. Arne Olsen, husmann med jord, knappmaker, 47 år, 2. Sessel Pedersdr., kona hans, 32 år. Dei budde da på plasssen Klauven, seinare kalla Kleven, 3. famiøiemedlem: Mari Arnedtr., dotter i huset, 12 år, 4. Eli Arnedtr., 9 år, 5. Ole arnesen, son i huset, 3 år. 3. familie: 1. Hans Hansen, husmann med jord, 69 år, 2. Guro Hansdr., kona hans, 65 år. 4. familie: Johannes Johansen, husmann med jord, 49 år, 2. Berit Johansdr., kone hans, 46 år, 3. Marit Johansdr., dotter deres, 9 år. 4. Peder Johansen, son deres, 6 år, 5. Johannes Johansen, 3 år, 5. familie Lars Asbjørnsen, husmann med jord, national soldat, 31 år, Sessel Hansdr., kons hans, 32 år, 3. Lisbith Larsdr., 7 år, 4. Hans Larsen, 6 år, 5. Peder, 2 år.

Peder Johannessen f. 1797 vart i 1819 gift med Anne Kristensdr. Søre Rustad. Dei fekk 4 born. Det var: a. Kristen f. 1821, b. Johannes f. 1824, c. Marthea f. 1725, g. 1849 m. Børe Olsen Bjørstad f. 1823, d. Mari g. m. Jens Poulsen Sørhove.

I denne tid kom matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 med fleire aktuelle opplysningar om gardane. Der er det om Lilleberge fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 18 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde ca. 70 tdr. Det er vidare opplyst at Lilleberge også da hadde 4 husmannsplassar med brukande jord.

Atten år seinare var i 1837 ei satørre utskifting av sameie mellom gardane Lilleberge og Sundgarden. Ved matrikuleringa i 1838 var det framleis Johannes Pedersen som hadde Lilleberge. Skylda på garden, som før hadde vore 1 hud 18 mrk. Fisk, vart da omrekna og justert til 9 skylddalar 3 ort 9 skill. Åtte år seinare var i 1846 - 48 den store utskiftinga av Fåberg østre Almenning. Utskiftinga er tinglese 20. mars 1848.

Etter atter sytten år kom i 1865 den omfattande folke- og jordbrukstellinga med fleire opplysningar om gardane. Om Lilleberge i Fåberg er det der fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 18 naut, og ay den årlege kornavlinga utgjorde ca. 70 tdr. Det er vidare opplyst at Lilleberge også da hadde 4 husmannsplassas med brukande jord.

Atten år seinare var i 1837 ei større utskifting av sameige mellomgardane Lillebeerge og Sundgarden. Ved matrikuleringa i 1838 var det framleis Johannes Pedersen som hadde Lilleberge. Skylda på garden, som før hadde vore 1 hud 18 mrk. Fisk, vart da omrekna og justert til 9 skylddalar 3 ort 9/ skill. Åtte år seinare var i 1846-48 den store utskiftinga av Fåberg østre Almenning. Utskiftinga er tinglese 20. mars 1848.

Etter atter sytten år kom i 1865 den omfattande folke- og jordbrukstellinga med fleire opplysningsar om gardane. Om Lilleberge i Fåberg er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 341 mål, og av dette var 93 mål jord av 1. klasse. Av jordbrukstellinga går det elles fram at husdyrhaldet på sjølve garden Lilleberge var 4 hestar, 18 storfe, 20 sauer og 15 geiter. Men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 8 srorfe, 14 sauer og 5 geiter. Før på same måten var den årlege utsæden på sjølve garden: ½ td. rug, 3 tdr. bygg, 4 tdr. bygg, 4 tdr. blandkorn ¼ td. ertar og 5 tdr. settepoteter; men dertil var det på husmannsplassane sådd og sett ¾ td. blandkorn og 2 tdr. settepoteter.

Fem år seinare fekk i 1870 Johannes Pedersen f. 1824 skjøte på Lilleberge for sum 1.200 spd. I hans brukartid var det i 1873 ei utskifting av seterskog mellom Lilleberg og Bjørstad. I hans tid kom og den lenge førebudde nye norske matrikkelen av 1886, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – ” Berget lille ” i Fåberg fekk da gardsnr. 37 av skyld 13 mark og 62 øre, og det var framleis Johannes Pedersen f. 1824 som var eigar og brukar av garden.

Men i 1895 gav Johannes Pedersen skjøte til Andreas Larsen Hindklev for kjøpesum kr. 10.000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 2.000,- I den nye eigarens si brukartid gav i 1897 Andreas Hindklev skjøte til Tobias Kristensen Fargeriet på ein pardell av garden, gr.nr. 37, br.nr. 2 Sveløkken av skyld 0,11 mark.

Andreas L. Hindklev hadde elles Lilleberge berre i 5 år. Da selde han i år 1900 garden til Ole Præstkværn for sum kr. 14.000,-. Frå same året er. Altså 1900, er og ei kjøpekontrakt frå Ole Præstkværn på halvdelen av ein skogteig, gr.nr. 37 br.nr. 3 Lillebergets hjemskog av skyld 5,40 mark, som erlles A. Arnkværn fekk skjøte på i 1903 for kjøpesum kr. 2.750,-

I tida 1900 – 1908 var det vidare 3 andre skylddelingsforretningar i Lilleberge. I 1900 vart såleis parsellen br.nr. 4 ”Kleven” fråskilt og skyldsett for 0,90 mark. I 1907 galdt det parsellane br.nr. 5 Nordengen av skyld 0,51 mark, br.nr. 6 Sagbakken, skyld 0,60 mark og br.nr. 7 Bjørnerud an skyld 0,48 mark, Året etter vart så parsellen br.nr. 8 Sørengen fråskilt og skyldsatt til 0,80 mark.

Same året, altså i 1908 gav skifteforvaltaren i Ole Præstkværns bu auksjonsskjøte til Rolf Børke på Lilleberge for kjøpesum kr. 12.650,-. Skjøtet omfatta og dei før skyldsette bruksnr. 5, 6, 7, 8 og eit br.nr. 9 Mitengen av skyld 0,68 mark.

? leis i 1908 gav så Rolf Børke skjøte til Petter Hansen på br.nr. 5 Nordengen for kr. 900,-. Frå dette bruket vart elles i 1923 fråskilt eit br.nr.-Nygård, som Petter Hansen selde til Hans Toresen for 2.500,-. I 1908 gav dessuten Rolf Børke skjøte til Otto Olsen på br.nr. 6 Sagbakken for kjøpesum kr. 1.600,-. Samtidig gav og Rolf Børke skjøte til Nils Vesteraas på br.nr. 7 Bjørnerud også for sum kr. 1.600,-. Vidare gav i 1908 Rolf Børke skjøte til Sigmund Fliflet på gr.nr. 8 Sørengen, som kjøparen i 1910 selde vidare til Gudbrand Fliflet for kr. 4.100,-. Endeleg selde Rolf Børke også i 1908 brnr. 9 Mitengen til Ole Kristiansen for kr. 2.000,-. Til slutt gav så Rolf Børke, også i 1908, skjøte til Nils P. Engen på gr.br. 1 Berge lille, da av skyld 3,55 merk, for kr. 7.200,-. Med i handelen og serskilt nemnd er da skogen på Gropen seter.

Når det gjeld brnr. 3 Lillebergets hjemskog, hadde A. Arnkværn i 1907 gitt saksfører Narum fullmakt til å selja skogen til L. A. Enger for kjøpesum kr. 10.000,-. – Fem år seinare gav så i 1912 L. A. Enger skjøte til Ivar Enger på 10/90 av skogen, til Johan Enger på 6/90, til Amund Enger 2/90 og til Amund Enger 6/90 av skogen for tilsm. kr. 1976,55. Men dette skjøte vart sletta etter skriv frå Landbruksdepartementet av 21/10 1912.

Med Fåberg Kommune som mellommann vart så denne skogen seinare utparsellert og seld slik: Parsell I, br.nr. 12 av skyld 0,95 mark til Ragnvald Smidesang, parsell II, br.nr. 13 av skyld 0,92 mark til Steinar Ødegård, parsell III, br.nr. 14 av skyld 0,60 mark til Ole P. Halvorstuen, parsell IV, br.nr. 15 av skyld 0,68 mark til Sigurd Kristiansen, parsell V, br.nr. 16 av skyld 1,35 mark til Fåberg Kommune. I 1934 kjøpte Steinar Ødegård br.nr. 17 Øverberg, skyld 0,55 mark, av grnr. 37, br.nr. 1 Berget lille, som faren Petter Ødegård da hadde.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det blitt 17 bruksnr. under gardsnr. 37 Lilleberge. Av desse 17 bruksnr. var det likevel berre 6 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.) . Det var: Gr.nr. 37, br.nr. 1, 16 Berget lille, jordbruksareal ca. 60 mål, eigar og brukar den kjende skiløparen Reidar Ødegård; br.nr. 4 Kleven, areal ca. 40 mål, eigar og brukar Andreas Kleven; brnr. 5 Nordengen, areal ca. 20 mål, eigar Kr. Granli; brnr. 6 Sagbakken, areal ca. 30 mål, eigar Marie Sagbakken, brukar Magnus Sagbakken; brnr. 7 Bjørnerud, areal ca. 30 mål, eigar og brukar Magnus Sagbakke; brnr. 9, 10 Midtengen, areal ca. 25 mål, eigar og brukar Karl Aasen; brnr. 17 Øverberg, areal ca. 33 mål, eigar og brukar Steinar Ødegård.

Atten år seinare var i 1837 ei større utskifting av sameie mellom gardane Lilleberge og sundgarden. Ved matrikuleringa i 1838 var det framleis Johannes Pedersen som hadde Lilleberge. Skylda på garden, som før hadde vore 1 hud 18 mrk. Fisk, vart da omrekna og

justert til 9 skylddalar 3 ort 9 skill. Åtte år seinare var i 1846-48 den store utskiftinga av Fåberg østre Almenning. Utskiftinga er tinglese 20. mars 1848.

Etter atter sytten år kom i 1865 den omfattande folke- og jordbrukstellinga med flere nyare opplysningar om gardane. Om Lilleberge i Fåberg er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 341 mål, og av dette var 93 mål jord av 1. klasse. Av Jordbrukstellinga går det elles fram at husdyrhaldet på sjølve garden Lilleberge var 4 hestar, 18 storfe, 20 sauer og 15 geiter. Men hertil var det på husmannsplassane till garden tilsm. 8 storfe, 14 sauer og 5 geiter. Ført på same måten var den årlege utsæden på sjølve garden: ½ td. rug, 3 tdr. bygg, 4 tdr. blandkorn ¼ td. erter og 5 tdr. settepoteter.

Fem år seinare fekk i 1870 Johannes Pedersen f. 1824 skjøte på Lilleberge for sum 1 200 spd. I hans brukartid var det i 1873 ei utskifting av seterskog mellom Lilleberge og Bjørstad. I hans tid kom og den lenge førebudde nye norske matrikkelen av 1880 og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. - "Berget lille" i Fåberg fekk da gardsnr. 37 av skyld 13 mark 62 øre, og det var framleis Johannes Pedersen f. 1824 som var eigar og brukar av garden.

Men i 1895 gav Johannes Pedersen skjøte til Andreas Larsen Hindklev for kjøpesum kr, 10 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 2 000,-. I den nye eigaren si brukartid gav i 1897 Andreas Hindklev skjøte til Tobias Kristiansen Fargeriet på ein parsell av garden, gr.nr. 37, br. nr. 2 Sveløkken av skyld 0,11 mark.

Andreas L. Hindklev hadde elles Lilleberge berre i 5 år. Da selde han i år 1900 garden til Ole Præstkværn for sum kr. 14 000,-. Frå same året er , altså i 1900, er og ei kjøpekontrakt frå Ole Præstkværn til Andreas Arnkværn på halvdelen av sin skogteig, gr.nr. 37, br.nr- 3 Lillebergets hjemskog av skyld 5,40 mark, som elles A. Arnkværn fekk skjøte på i 1903 for kjøpesum kr. 2 750,-.

I tida 1900 – 1908 var det vidare 3 andre skylddelingsforretningar i Lilleberge. I 1900 vart såleis parsellen br.nr. 4 "Kleven" fråskilt og skyldsett for 0,90 mark. I 1907 galdt det parsellen br.nr. 5 Nordengen av skyld 0,51 mark, br.nr. 6 Sagbakken, skyld 0,60 mark og br.nr. 8 Sørengen fråskilt og skyldsett til 0,80 mark.

Same året, altså i 1908, gav så skifteforvalteren i Ole Præstkværn bu auksjonsskjøte til Rolf Børke på Lilleberge på Lilleberge for kjøpesum kr. 12 650,-. Skjøtet omfatta og dei før skyldsette bruksnr. 5, 6, 7. 8 og eir br.nr. Mitengen av skyld 0,68 mark.

Anleis? I 1908 gav Rolf Børke skjøte til Petter Hansen på br.nr. 5 Nordengen for kr. 900,-. Frå dette bruket vart elles i 1912 fråskilt eit br.nr. 11 Nygård, som Petter Hansen selde til Hans Toresen for kr. 2.500,-. I 1908 gav dessuten Rolf Børke skjøte til Otto Olsen på br.nr. 6 Sagbakken for kjøpesum kr. 1 600,-. Samtidig gav og Rolf Børke skjøte til Nils Vesteraas på br.nr. 7 Bjørnrud også for sum kr. 1 600,-. Vidare gav i 1908 Rolf Børke skjøte til Sigmund Fliflet på br.nr. 8 Sørengen, som kjøparen i 1910 selde vidare til Gudbrand Fliflet for kr, 4 100,-. Endeleg selde Rolf Børke også i 1908 br.nr. 9 Midtengen til Ole Kristiansen for kr. 2 000,-. Til slutt gav så Rolf Børke, også i 1908, skjøte til Nils P. Engen på gr.nr. 37, br.nr. 1 Berge lille, da av skyld 3,55 mark, for kr. 7 200,-. Med i handelen og serskilt nemnd er da skogen på Gropen sæter.

Når det gjeld br.nr. 3 Lillebergets hjemskog, hadde A. Arnkværn i 1907 gitt sakfører Narum fullmakt til å selja skogen til L. A. Enger for kjøpesum kr, 10 000,-. – Fem år seinare gav så i 1912 L. A. Enger skjøte til Ivar Enger på 10/90 av skogen, til Johan Enger på 6/90, til Amund Enger 3/90 og til Amund Enger 6/90 av skogen for tilsm. kr. 1976,55. Men dette skjøte vart sletta etter skriv frå Landbruksdepartementet av 21/10 1912.

Med Fåberg kommune som mellommann vart så denne skogen seinare utparsellert og seld slik: Parsell I, brnr. 12 av skyld 0,95 mark til Ragnvald Smidesang, parsell II, br.nr. 13 av skyld 0,92 mark til Steinar Ødegårs, parsell III, br.nr. 14 av skyld 0,60 mark til Ole P.

Halvorstuen, parsell IV , br.nr. 15 av skyld 0.68 mark til Sigurd Kristiansen, parsell nr. V, br.nr. 16 av skyld 1,35 mark til Fåberg komune. I 1934 kjøpte Steinar Ødegård br.nr. 17 Øverberg, skyld 0,55 mark, av gr.br. 37, br.nr. 1 Berget lille, som faren Petter Ødegård da hadde.

Ved jordbrukstellinga i 1939 var det blitt 17 bruksnr. Under gardsnr. 37 Lilleberge. Av disse 17 bruksnr. var det likevel berre 6 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.). Det var: Gr.nr. 37, br.nr. 1, 16 Berget lille, jordbruksareal ca. 60 mål, eigar og brukar, den kjende skiløparen Reidar Ødegård; br.nr. 4 Kleven, areal ca. 40 mål , eigar og brukar Andreas Kleven; br.nr- 5 Nordengen, areal ca, 20 mål, eigar og brukar Andreas Kleven; br.nr. 5 Nordengen, areal ca. 20 mål eigar Kr. Granli; br.nr. 6 Sagbakken, areal ca. 30 mål, eigar Marie Sagbakken, brukar Magnus Sagbakken; br.nr. 7 Bjørnerud, areal ca 30 mål, eigar og brukar Magnus Sagbakken;; br.nr. 9, 10 Midtengen, areal ca. 25 mål, eigar og brukar Karl Aasen; br.nr. 17 Øverberg, arel ca. 33 mål, eigar og brukar Steinar Ødegård.